

Årsmelding 2025



DEN NORSKE KYRKJA
Nord-Fron kyrkjelege fellesråd

Innhold

<i>Innleiing</i>	3
<i>Gudstenesteliv</i>	4
Prestar	5
Barne- og ungesamarbeid med andre aktørar.....	5
<i>Kyrkjeleg undervisning og læring</i>	6
Særtrekk og innhald	6
Møter og samarbeid	8
Kyrkjelydspedagog sin rolle i konfirmantundervisning.....	8
<i>Diakoni</i>	9
<i>Sokneråda og Nord-Fron kyrkjelege fellesråd med utval.</i>	10
<i>Økonomi og rekneskap for 2025</i>	10
<i>Medlemmer, utval – Nord-Fron kyrkjelege fellesråd</i>	11
Fellesrådet hadde slik samansetting	11
Kyrkjeleg administrasjonsutval	12
Forhandlingsutval.....	12
<i>Kyrkjer og kyrkjegardar</i>	12
<i>Tilsette</i>	13
Kurs	14
Kontor	14
<i>Kyrkjebladet</i>	14
<i>STATISTIKK FOR DEI FIRE SOKNA I NORD-FRON 2025</i>	15

Innleiing

I fråvær av kyrkjevevje inn i dei tre fyrste månadane, var tidelegare kyrkjevevje, Grete Bakken timelønna for noko administrativt arbeid. I løpet av året fekk vi to nye i staben, kyrkjevevje Morten Hagen og sokneprest Caroline Serck-Hanssen. Hagen byrja i stillinga 1. april. Det er svært gledeleg at vi no har fått på plass to prestar, sett i lys av ein generell prestemangel i Nord-Gudbrandsdal prosti. Med nye tilsette har vi innført nokre



nye aktivitetar - *Vaffeldag* på kontoret og ope kyrkje, som er i tråd med Hamar Bispedømes fokusområde og visjon. Vaffeldagen vart eit triveleg møtepunkt. Kyrkjevevje inviterte inn soknerådsmedlemmer, eksterne aktørar, støttespelarar, mogelege støttespelarar og frivillige til denne trivelege stunda på kontoret. Tilbodet har syna seg meningsfullt for bode besøkande og kontoret, og vert opprettheldt i 2026.

Så hadde vi eit særskild fokus på synleggjering av drop-in vigslar, som vert arrangert Valentinsdagen 2026. Den opne kyrkjeordninga vart på hausten for Kvam og Sødorp kyrkje. Kyrkjemusikar spela meditativt på orgel, og stab stilte med og kaffi for dei som nytta dette tilbodet på vekedagen torsdag.

Dette har vore eit år eit år med normal gudstenesteaktivitet. Statistikken over gudstenester er vedlagt.

Kyrkja i Nord-Fron drog mest sannsynleg til Nordfjord folkehøgskule på sommarleir for siste gongen med konfirmantane (kullet 2026). Konfirmantaktivitet for åra framover vart revidert på felles soknerådsmøte januar 2026.

Vikarprest Jens Petter og tidlegare kyrkjevevje, Grete Bakken hadde konfirmantkullet 2025 i Sødorp. Sokneprest Benjamin Fjellheim Olsen hadde kulla for 2025/2026 i Kvam, Kvikne og Skåbu. Caroline Serck-Hanssen hadde undervisninga for Sødorp-kullet 2026 frå september til jul.

Det var 69 gravferder i 2025 (sjå vedlagt statistikk s. 12). Når det gjeld graving av graver, er det Frank Varpestuen som framleis sørgjer for dette. Han utfører gravetenesta på privat foretak utanom stillinga som fast kyrkjetenar. Varpestuen kombinerer denne tenesta med arbeidsforholdet. Alle tilsette i fellesrådet leverer timeliste kvar månad.

Matutdelinga har fortsett som året. Tiltaket får framleis positiv attendemeldingar og hjelp mange. Leiar i diakoniutvalet Per Arne Vesteraas og diakon Per Øyvind Fredin starta hausten kurs om Frivilligheit og leiing i regi av MF og Hamar bispedøme.

Kyrkjekontoret deltok på Byfest på Vinstra med stand. Vi kom i kontakt med både privatperson og andre aktører som syna interesse for



arbeidet vi gjer. I veke 43 var vi med på den nasjonale telledugnaden i *Den norske kyrkja*. Publikumskontakt med kyrkja vart statistikkført frå veka og sendt til Den norske kyrkja.

Gudstenesteliv

I dei fire sokna i Nord-Fron; Kvam, Kvikne, Skåbu og Sødorp har vi no hatt eit år med «normal» gudstenesteaktivitet. Gudstenester er gjennomført så godt det let seg gjere.

Mange er involvert i ei gudsteneste hjå oss; både tilsette og friviljuge. Dei friviljuge er kyrkjevertar, tekstlesarar og ministrantar (konfirmantar). Av tilsette er kyrkjetenarar, organist og prestar fast med, medan kyrkjelydspedagog og diakon, er med når det er naturleg. Heile tida må vi jobbe med å få nye friviljuge med, like eins lære opp konfirmantane i deira teneste som ministrantar. Og vi som er tilsette prøver å jobbe skikkeleg med det vi har ansvar for. Vi ynskjer at det som skjer i kyrkja skal vere prega av kvalitet; kyrkja skal vere klar for bruk når vi kjem til gudsteneste, det som vert sagt og gjort, skal gjerast på ein måte som er prega av at vi er vel førebudde. Med andre ord; vi håper at kyrkjelyden som er til stades skal kjenne seg velkomen og godt ivaretekne.

I Nord-Fron seier forordninga som vi har frå biskopen i Hamar, at det skal vere 115 gudstenester i året, fordelt på 19 gudstenester i Kvikne, 28 i Kvam, 21 i Skåbu og 47 gudstenester i Sødorp (fordelt på Sundheim, kapellet, kyrkja og friluftsgudstenestene som er om sommaren). I 2025 hadde vi ikkje messefall, som er positivt.

Gudstenestelivet har god variasjon mellom vanlege høgmesser, der nattverd er ein naturleg del av gudstenesta. Familiegudstenester knytt til dei ulike fasane i kyrkjeleg undervising og læring i kyrkjelydane våre. Nokre av desse gudstenestene har nattverd.

Mange gudstenester vert spesielle dagar for nokre i kyrkjelyden, anten det er dåpsfamiliar som er der med sitt barn, eller gudstenester knytt til konfirmanttida, med konfirmasjonsgudstenesta som det store høgdepunktet. Eller dagar då vi minnst dei vi har teke avskjed med det siste året. Vi håper at folk i Nord-Fron kjenner at vi er der når folk treng oss. Nokre gonger vert det også laga til spesielle gudstenester, mellom anna for å få til dåp på ein dag eller eit tidspunkt som passar. Dette siste, fordi vi i Nord-Fron har ein god del gudstenester på kveldstid; ei tid som ikkje alltid er like egna for dåp.

I årsmeldinga finn de ei side med statistikk. Se gjerne igjennom tala der. Hugs samstundes at tal ikkje seier alt. Eit lite døme: Om det er ti på gudsteneste i Kvikne, så betyr det at om lag 5% av kyrkjelyden er samla. Oppmøtetalet er lågt, men prosentdelen er høg. Skulle vi kome opp på same prosent i til dømes Kvam – altså 5% av kyrkjelyden, måtte det vere femtitre til stades – om vi reknar like eins på Vinstra (Sørdorp sokn) skulle det bli om lag hundre og femti til stades. Det er nyttig å tenke på denne måten av og til.

Tala for nokre gudstenester som er med i statistikken, er det vanskeleg å lese mykje ut av. Men det var fleire deltakarar på gudstenester i sokna våre i 2024. Så tala for 2025 utfordrar. Men vi skal ikkje konkludere med at vi ikkje kan få til ein positiv utvikling i 2026. Kanskje vi må på sikt gjere noko endringar - til dømes å endre tidspunkt for nokre kveldsgudstenester til gudstenester på dagtid. Får vi til ein eller to dåp på ei høgtidsgudsteneste, så aukar tala mykje for den dagen. Det er mykje enklare å legge til rette for dåp og gudstenester knytt kyrkjeleg undervisning på dagtid enn på kveldstid. Diverre har det vore ein sterk nedgang i dåpstala i kyrkjelydane frå 2024 til 2025 med totalt 20 i 2025, mot 34 året 2024. Går vi lenger attende i tida; til dømes 2014: 54 dåp og 2004: 62. Tala seier er først og fremst at det kom til mykje fleire ungar i Nord-Fron tidlegare enn no.

Uansett: Vi seier frimodig: Velkomen til gudstenester i kyrkjelydane våre! Vi har flotte Gudshus med god plass til alle som kjem! Og vi er til stades i alle fasar av livet.

Prestar

Benjamin Fjellheim Olsen har vore sokneprest i Kvam og Skåbu. Caroline Serck-Hanssen vart innsett i tenesta 24. august med tenestestad i Kvikne og Sørdorp. Jens Petter Ous var vikarprest ut mai-månad for Sørdorp og Kvikne.

Barne- og ungesamarbeid med andre aktørar

Barnehagane vart invitert inn i kyrkja til Påskevandring og julevandring i 2025 som før, der evangeliet er utgangspunkt for rollespel. Dette er populære tilbod. I barnehagane er det barn frå alle trussamfunna- og livssyns, og kyrkja møter i stor grad større grupper med barn på slik aktivitet enn i aktivitet knytt kyrkjeleg undervisning og læring.

Skolegudstenestene vart arrangert slik tradisjonen har vore dei siste åra.



Kyrkjeleg undervisning og læring

Her følger årsmeldinga frå kyrkjelydspedagog i Nord-Fron som leiår det kyrkjelege undervisningsarbeidet for barn i alder 1 -18 år. Meldinga kommenterer statistikk og evaluering frå eit utval aktivitetar som er rapportert i *Kirka vår (planverktøy)*.

Per Øyvind Fredin var i 50 % stilling som kyrkjelydspedagog.

Utvalet for kyrkjeleg undervisning og læring bestod av Eva Hilde Bakken frå Sødorp, Karen Birgitte Øvreness frå Kvikne, Bente Varpestuen frå Skåbu, og Hege Elida Aasveen frå Kvam.

Kva er viktig i ein årsmelding som dette? Kva er det vi evaluerer og måler? Er det oppmøte, trygghet, glede eller læring? I Kyrkja set vi ikkje karakterar på undervisninga. Læring som prosess er det viktigaste. Det går an å spørja seg: Er det aktivitetane med mest oppmøte som skaper mest læring? Eller er det aktivitetane der nokre få barn har ei veldig god stund i kyrkja, som skaper den beste møteplassen? Årsmeldinga måler i hovudsak

oppmøtetale i 2025 opp mot, møtetala i 2024. Tala synar ei positiv endring.

Særtrekk og innhald

Dei fleste aktivitetane tek som oftast utgangspunkt i kreative verkstad i samanheng med song og munnleg formidling. Tradisjonen med at samlingane munnar ut med bokutdeling på gudsteneste er implementert i frå tidlegare planarbeid. Aktivitetane avundast som oftast med ei kake eller noko anna godt som ein slags gulrot. Det kan vera etter sjølve samlinga eller på kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Legosamlinga for 4.-klassingar (for heile Nord-Fron) vart arrangert i Sødorp som pilotaktivitet andre år på rad. Dette er ein av få aktivitetar som ikkje arrangerast i samheng med gudsteneste. I 2025 var dette ein av aktivitetane som hadde flest deltakarar i målgruppa på ein vekedag. Aktiviteten vart og særskilt tilrettelagt for at 4.-klassingane kunne melde på sysken og vener. Totalt var det 24 glade lego-byggjande barn med på samlinga.



Legoverkstad på Vinstra



Kirkerottene i Kvam kyrkje

Kirkerotteteateret, som heller ikkje er ei tradisjonell gudsteneste, drog og mange deltakarar (34 stk.), slik det vanlegvis gjer. Teateret hadde 28 oppmøte i 2024. Vi inviterer barn i alder frå 3-6 år. Teateret har ei breiare målgruppe, og kan difor ikkje samanliknast med aktivitetar som er planlagt for eit årskull av gongen. Juleverkstad for 2.-klassingar hadde òg godt oppmøte. Det var 15 deltakarar mot åtte i 2024.

Så var det positiv endring for 5-årssamling. I 2025 var det med heile 13 deltakarar på 5-årssamlingene. Mens i 2024 det var éin deltakar frå alle sokna. Nokre sysken ville òg vere med. I Skåbu i 2025 fekk barna til og med sett at kornkverna kverna korn!

I 2024 var det totalt 199 deltakarar med på aktivitetar, mot 245 i 2025. Konfirmasjon og dåpssamtalene ligg og i denne statistikken. Det vil si at det har vore ei oppgang med tanke på deltaking. Eg trur at vi skal tolke desse tala positivt. Kyrkja er berre ei av fleire aktørar i kommunen som skaper møteplassar for barn. Ideelt sett ynskjer alle at det skapast god aktivitet og oppvekstvilkår for barn. Då vert det gode lokalsamfunn der aktørane utfyller kvarandre.



Barna i Skåbu fekk sjå kornkverna i aksjon

Kyrkja har kreative verkstad og opplegg (som ikkje nyttar skjerm til undervisning) for barn. Som kyrkje synar vi interesse, bekreftar, og håper at vi gjev barna opplevinga av felles fokus når dei lærar gjennom kreative verkstad. På den måten vert undervisninga ein trygg møteplass. Når vi stiller med gode og trygge møteplassar, kan læring oppstå.

Når ikkje alle aktivitetane har like godt oppmøte, gjer vi så godt vi kan for å ta vare på tida vi har i møte dei. Vi fortsett med å sende invitasjonar i posten, i tillegg til å offentleggjera tiltaka på Facebook. Kyrkjelydspedagog nyttar digital påmeldingsskjema. Dette har kyrkjelydspedagog god erfaring med. Praktisk sett har stab (prestar, organistar, kyrkjetenarar og kyrkjekontor), medlemmer i utvalet for undervisning, engasjerte foreldre og frivillige vore gode hjelparar og støttespelarar i arbeidet. v alt auke deltakinga.

Møter og samarbeid

Kyrkjene i bispedømet oppmuntrast til å samarbeide meir på kryss av kommunegrensene for å få til god aktivitet Kyrkja i Nord-Fron dialog og samarbeid med undervisningstilsette i Nord-Gudbrandsdal prosti. Spesielt har undervisningstilsette i *Kirken i Sel* vore pågangsdriivarar for eit forum i prostiet. Undervisningstilsette har hatt fire hybridmøter (digitale og fysiske). Møta har vore til inspirasjon, gitt påfyll av idear, og vore eit forum for å drøfte utvikling av undervisningspraksis.

13. mars inviterte kyrkjelydspedagog og tilsette i forumet til møte på Vinstra med temaet *synleggjering av tilbod og aktivitetar*, og planverktøyet *Kirka vår*.

Kyrkja i Nord-Fron har samarbeida om konfirmantopplegg med *Kirken i Sel*. I april arrangerte *Kirken i Sel* «Harry Potter Maraton». Kyrkjelydspedagog var då med i planlegging og evaluering av arrangementet, som var tenkt som eit treffpunkt for alle kyrkjene i prostiet. Det neste samarbeidet vi hadde med *Kirken i Sel*, var ein konfirmantsamling i haust.

Så har kyrkja samarbeida sørover med *Sør-Fron menighet* om *Babysong*, som har vore arrangert for heile Fron i *Sør-Fron* kapell. Det var vore 17 samlingar. Mødrer med babyar kjem frå sokna i Nord-Fron til *Babysong*, der dei møter babyar og mødrer frå *Sør-Fron*. Så hadde vi samarbeid med Biblioteket om 4-årssamling, som vi òg hadde i 2024.

Kyrkjelydspedagog sin rolle i konfirmantundervisning

Prestane har primæransvar for denne undervisninga. I denne samanheng har kyrkjelydspedagog og vore med på sommarleir i Nordfjord, leia fasteaksjonen, og vikariert to undervisningsøkte i fråvær av prest.

Diakoni

I innleiinga av 2025 vart det planlagt og drøfta korleis vi kunne best mogleg initiere og starte opp våketenesta. Det vart rekruttert personar frå helse- og omsorgsyrke i hovudsak under leiing av Per Arne. Tenesta starta opp i praksis i april og juni. Spesielt i midten av juni var det eit sterkt behov frå pårørande om avlastning.

Vi arrangerte 11 matutdelingar - ein for alle månader bortsett frå juli. Det var 476 personar som henta mat i 2025, og om lag 530 i 2024. Diakonien har som mål å møte menneske og aktørar utan fordomar. Vi har gode samarbeid, og har få men viktige kontaktar. Utdelinga er framleis i Nordre Byre 17, lokalet attmed helsestasjonen, som vi får låne av kommunen. Samarbeidet med *Elvekanten aktivitetshus* har syna seg styrka med tanke på utdelinga. Avtala med Matsentralen i Innlandet har vore meir berekraftig. Kyrkja nytta godt av breiare utval, og kunne hente meir mat om gongen frå sentralen. *Ødegaarden bakeri* er fortsett ein trufast gjevar av brød.

Vi nyttar kanalane våre for å synleggjera oss. Dei diakonale tiltaka, våketenesta og matutdeling vart aktualisert i kyrkjebladet. Det minner folk på om kva vi gjer. Det vert samla totalt inn kr. 26512 til *Matutdeling* og diakoni frå sokn og fellesråd. Nokre konfirmantar (foto) engasjerte seg og i innsatsen i haust. Dei vert synleggjort i sosiale media, og stod på stand. Vi kan rekna med at dei genererte ein del av midlane vi fekk inn.



Diakonen og leiar i DU avla eksamen i det kompetansehevande emnet, *Frivillighet og samskaping i menighet og lokalsamfunn*. Kompetansehevinga har bidratt til styrka bevisstgjeringsom temaet innan den lokale ramma. Det er framleis eit viktig mål for kyrkja å få fleire frivillige. Det er ein tendens til at folk med nettverk, finn seg fleire nettverk og engasjerer seg på ulike arenaer, seier forsking. Til dømes deler Kyrkja og frivilligsentralen på mange av dei same frivillige. Ein typisk arena med mange frivillige krefter er Sundheim. I samarbeid med biblioteket hadde vi 4 leseverner på Sundheim. Her ruller vi òg på andakter onsdagane på Avd. Vest og Øst, og Sundtunet. Andre som får lagt til rette diakonale tiltak, er brukarar av *Tilrettelagt tenester*. Dei har vore med på 6 samlingar med musikk- og songgruppe i Sødorp kyrkjestugu. Diakonen har og hatt nokre samtalar (20 stk) med folk som ytra behov for det. Dei tilsette, diakonen og prestar formidla om Kirkens *Nødhjelp* sin fasteaksjon til konfirmantane. Til saman vart det samla inn totalt kr. 30 054

Per Øyvind Fredin har vore diakon i 50 % stilling. Diakoniutvalet (DU) vart leia av Per Arne Vesteraas frå Kvikne sokn. Utvalsmedlemmene var Laila Risdal frå Skåbu sokn, Astri Søberg frå Sødorp sokn og Anne Ragnhild Korsvold Saglien frå Kvam sokn. DU har hatt eit møte, 23. januar.

i 2025 frå alle 4 sokna. Til samanlikning vert det samla inn kr. 28 756 i 2024. Det vil seie at vi samla inn litt meir i 2025.

Sokneråda og Nord-Fron kyrkjelege fellesråd med utval.

Kvikne sokneråd har handsama 26 saker i 4 møter samt årsmøte.

Skåbu sokneråda har handsama 27 saker i 6 møter samt årsmøte.

Sørdorp sokneråd har handsama 29 saker i 4 møter samt årsmøte.

Kvam sokneråd har handsama 31 saker i 5 møter samt årsmøte.

På hausten inviterte Sokneråda til konfirmantjubileum for 50-, 60-, 70-, og 80-årskonfirmantar. Det vart arrangert jubileum i alle sokna.

Fellesrådet har handsama 22 saker i 6 møter, eit av møta vart gjennomført som e-postmøte.

Administrasjonsutvalet har handsama 1 sak i 1 møte.

Diakoniutvalet har hatt 1 møte.

Vi har fått ein ny sokneprest for Kvikne og Skåbu (tilsett i september) som har syna seg dyktig i tenesta si. Hjarteleg takk til alle tilsette, folkevalde, friviljuge og samarbeidspartnarar som har bidrege.

§ 14 i kyrkjelova om fellesrådet sine arbeidsoppgåver og ansvarsområde er oppfylt. Dei lovpålagte oppgåvene og fellesrådet sine vedtak er gjennomført.

Økonomi og rekneskap for 2025

Driftsregnskapet synte eit mindreforbruk på kr. 556.313,20 før strykingar.

§ 17, 3 ledd fyrste setning i føreskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkje lyder:

«Dersom driftsrekneskapen ved rekneskapsavsluttinga syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk, skal dette reduserast så mykje som mogleg ved å stryke bruk av disposisjonsfond».

Bruk av disposisjonsfond er dermed strøket med 556.313,02.

2025 var alle stillingar var besett med unntak av 40 % stilling organist. Lønnsoppjøret ga ein lønsauke på 4,4 %, gjeldande frå 01.05.2025.

Det kommunale driftstilskottet, jfr. Kirkelova §14 var på kr. 7 481 000.

Samla tilskott frå DNK var samla på 725 000. Tilskotet til trusopplæring utgjorde 518 000, og diakoni utgjorde 207 000. Tilskotta til diakon -og trusopplærar stillingane vert utbetalt frå Hamar bispedømeråd.

Investeringsrekneskapet gjekk i balanse.

Rekneskapen er ført ved staben i Nord-Fron kommune.

Sanitetsforeiningane i Nord-Fron gav òg i år pengar til fellesrådet. Kyrkjebladet har fått inn fleire annonsar. Fellesrådet takkar for gåvene.

Medlemmer, utval – Nord-Fron kyrkjelege fellesråd

Kjønnsfordeling i fellesrådet: Når det gjeld kjønnsfordeling i sokneråd og fellesråd, er det ikkje noko vi rår med, da det ikkje er lett å få nokon til å stå på listene. Nord-Fron er ein liten kommune (om lag 5500 innbyggjarar). I fellesrådet var det 3 mannlege representantar, 2 frå sokna og 1 frå embetet. Av kvinner var det 6 frå sokna, ein kommunal representant og ein frå embetet.

Fellesrådet hadde slik samansetting

Faste medlemmer

Anni Merete Karenstuen Wangen	Sørdorp
Birgit Lunde Haugen	Sørdorp
Jon Helge Silli	Kvikne
Arne Henrik Myromslien	Kvikne
Egil Myhre	Kvam
Mari-Anne Svendstad	Kvam
Bente Varpestuen	Skåbu
Anita Stebergløkken	Skåbu
Jens Petter Ous (fram til mai)	Embetet
Prost Birgitte Bentzrød (frå mai)	Embetet
Unni Aspeslåen	Kommunal representant

- Leiar
- Nestleiar

Frå Kvikne
Frå Kvam

Varamedlemmer

Eva Hilde Bakken
Bodil Solli
Ola Masseng Sylte
Eivind Kvalen
Heidi Evjenth Holen
Camilla Aspeslåen
Kristin Blekastad
Laila Elin Risdal
Prost Birgitte Bentzrød
-
Anne Mari Olstad

Jon Helge Silli
Egil Myhre

Kyrkjeleg administrasjonsutval

1. Jon Helge Silli
2. Egil Myhre
3. Kirsten Dina Leine (til og med august).
4. Svein Fredrik Kjæstad (Tilsett representant)
5. Frank Varpestuen (Tilsett representant)

Forhandlingsutval

1. Jon Helge Silli
2. Mari-Anne Svendstad
3. Egil Myhre – vara

Kyrkjer og kyrkjegardar

Sørdorp kyrkje: Nå er endeleg dei siste vindauga restaurerte. Hovudtrappa er restaurert og det blir nytta varmematter vinterstid for å holde trappen isfri. Disse tas vekk når vinteren slepper taket. Kyrkja har vorte tjærebredd. Arbeidet med bygging av støyskjerm mot Vinstra vidaregåande starta i haust. Arbeidet vil slutførast i 2026. Innlandet fylkeskommune som er byggherre og finansierer støyskjermen. Vi har vore involvert i planlegging og utforming av veggen og vil ha vedlikehaldsansvaret for vår side av støyskjermen. Det ble tatt ned en del trær for å få plass til støyskjermen. Arbeidet med en vegg ved servicebygget for å skjerme avfall, containere mm frå minnelund og kyrkjegard. I den forbindelse er det tatt ned en del trær.

Sørdorp kapell:

Bolken på Sørdorp kapell er tatt ned for restaurering. Det er satt opp et midlertidig gjerde. Vil bli montert opp igjen i 2026. Hovudtrappa på kapellet er restaurert, fått et ekstra trinn og hele trappa har fått varmekablar.

Kvikne kyrkje:

Det er mottatt midlar frå Kirkebevaringsfondet til bytte av tak på Kvikne kyrkje. Skifer er innkjøpt i 2025 frå Otta Skifer og ligger klar. Arbeidet slutførast i 2026.

Skåbu kyrkje:

Nytt gjerde rundt kyrkjegarden ble slutført. Det ble også montert ny port.

Kvam kyrkje:

På forsommaren ble Engelsk monumentet restaurert. Inngangspartiet og inngangsportalen ble malt til krigsminnejubileet.

Nord-Fron kommune vedtok i budsjett 2025 og sette av 200 000 til Minnelund på Sødorp og 200 000 til Minnelund ved Kvam kyrkje. Dette er svært gledeleg, då det har vore ein forventning om at dette kjem på plass.

Kyrkjegardane våre er velstelte og dette får vi mange fine attendemeldingar på.

Det vart arrangert kyrkjegardsdugningar på våren som vanleg i alle fire sokna med god deltaking frå soknebarna.

Nord-Fron kommune leiar de fleste av dei store prosjekta for kyrkjeleg fellesråd. Kommunen er ein god støttespelar og samarbeidspartnar i dette arbeidet.

Tilsette

Kjønnsfordeling: Når det gjeld kjønnsfordeling i staben, er det **3** kvinner og **7** menn.

Miljøet: Vi er opptekne av miljøet, og forureinar ikkje miljøet på nokon spesiell måte

Ahmed Khalil var sommarvikar på kyrkjegardane i Kvam og Sødorp.

Kyrkjeverje

Morten Hagen 100 % fast stilling (tiltredde 1. april)

Kyrkjetenarar

Frank Varpestuen 82,5%
Svein Fredrik Kjæstad 90%
Ben Hartjes 100 %
Atle Kolloen 100 %

Diakon og kyrkjelydspedagog

Per Øyvind Fredin: 50 % x 2 faste stillingar

Kyrkjemusikkarar

Iren Falkenhaug 100% (fast)

Tilsett av fellesrådet er:

1 kyrkjeverje 100 %
4 kyrkjetenarar i til saman 372,5 % stilling
1 diakon 50 % stilling
1 kyrkjelydspedagog i 50 % stilling
1 kyrkjemusikar i 100% stilling
1 sekretær 80 %

2 sokneprester (tilsett av bispedømmet)

40% organiststilling er ikkje besett. Her har det vorte kjøpt tjenester av organist Bernt Fauske. Elles har diakon/kyrkjelydspedagog dekt opp med pianospeling når det har vore andakter, og gudstenester på friluftsgudstenester/setermesser (sommaren).

Sekretær

Venke Helen Sletten i 80 % fast stilling.

Verneombud

Svein Fredrik Kjæstad

Kurs

Diakon Per Øyvind fullførte kurs i regi av Hamar bispedøme og Menighetsfakultetet (sjå Diakoni i årsmeldinga). Morten Hagen har vore på kurs som omhandlar økonomi, leiging og kyrkjeleg eigendomsforvaltning. Alle tilsette knytt kontoret var på stiftsdag på Hamar i september der temaet var «Saman om å leie».

Kontor

Gravferdsdagane er tysdag og fredag.

Stabsmøte for alle saman er ca. ein gong i månaden.

Kyrkjebladet

Redaksjonen har jobba ilag med kontor og redaktør og om lage eit blad som har kvalitet. Kristin Hareide Vesteraas har vore redaktør for kyrkjebladet.

Kyrkjebladet sin komitè er:

Per Øyvind Fredin (frå stab)

Berit Tangvik (Sørdorp)

Tone Berit Øyen (Kvam)

Liv Elin Aasmundstad (Kvikne)

Bjørg Marit Hoel (Skåbu)

Kyrkjebladet kjem ut 4 gonger i året. To fyrste halvdel og to siste halvdel.

Nord-Fron kyrkjekontor, 17.03.2026

Morten Hagen
Kyrkjeverje

Jon Helge Silli
Leiar

STATISTIKK FOR DEI FIRE SOKNA I NORD-FRON 2025

Kva	Sørdorp		Kvam		Kvikne		Skåbu		Totalt	
	2024	2025	2024	2025	2024	2025	2024	2025	2024	2025
Kyrkjelege handlingar										
Dåp i soknet	22	10	10	5	1	2	1	3	34	20
Konfirmantar	28	32	10	10	4	3	3	2	45	47
Vigslar	7	5	2	1	0	0	4	2	13	8
Gravferder	35	35	19	23	10	5	7	6	71	69
Gudstenester:										
Gudstenester totalt	47	47	28	28	19	19	21	21	115	115
Deltakarar under gudstenester totalt	3214	2908	1647	1489	629	530	676	604	6166	5531
Gudstenester med nattverd	29	31	19	16	12	13	12	12	72	72
Deltakarar nattverd	519	422	262	221	139	130	79	85	999	858
Høgtid og spesielle dagar										
Deltakarar på juleaftan	277	247	235	267	N/A	N/A	199	108	711	622
Deltakarar på gudstenester i påska	61	91	28	24	13	19	29	15	131	149
Minnedag gudsteneste - deltakarar	108	60	43	46	47	40	21	18	219	164
Kultur										
Konserter og andre kulturarrangement	3	6	2	3	2	1	1	5	8	15
Deltakarar	418	949	135	287	70	89	28	341	651	1666

Juleaftangudstenester er i feira to gonger i Sørdorp og to gonger i Skåbu.

Differansen mellom 2024 og 2025 for på konsertarrangement er stor grunna dei to konsertane med Maria Klåpbakken på same dag, 22. desember sørga for særskild stor deltaking i Sørdorp. Og fleire konserter totalt sett enn i 2024 – nesten dobbelt så mange.

17. mars 2026